

Lillebolstad eller Trongrud (gnr. 89)

Bolstad: Namn som kan kome av kvinnenamnet Boel, men tydinga av namnet må seiast å vere uviss.

Trongrud: Namn som viser til at rudningsplassen frå først av var trong.

”Lille Boelstad” vart matrikkelført som eit mindre gardsbruk i Fåberg i 1668. Bruket låg da til ”Kongen alene” og hadde ei landskyld av 3 skinn. Det er elles fortalt at enga, innmarka var god, og at meir kunne dyrkast. Buskapen av store husdyr var da 1 hest og 5 naut, og korntiende vart utreidd med 5/8 tønne, som altså svara til ei årsavling på kring 6 tønner. Men garden hadde enda ingen skog og heller ikkje seter. Brukaren, leiglendingen på garden heitte Mads.

I 1723 er det opplyst at den daverande brukar hadde fått bevillingsseddel av foged Stenersen på ”en liden græsløkke paa Qvandalen sæter” mot 2 skilling i årleg avgift. Husdyrhaldet hadde da auka til 2 hestar, 6 naut og 9 småkrøter. Det er elles oppgitt at garden låg i sollia, at han var lettbrukt, og at jordarten der var god.

Åtte år seinare er det fortalt at Halvor Olsen Laurgaard hadde fått skjøte på ”Lille Boelstad” av skyld framleis 3 skinn for 200 rd. – Av kyrkjebøkene frå denne tid ser det elles ut til at i bygdemålet vart garden einast kalla Trongrud. Denne namneforma vart så i skrift seinare endra til Trangerud.

Halvor Olsen som i 1731 tok over som husbonde på Trongrud, var gift med Kari Erlandsdtr., og dei fekk 6 born. Det var: 1. Erland, født 1713, 2. Jakob, gift i 1751 med Kari Pedersdtr. 3. Ole f. 1730, g. m. Ingeborg P. Dalrud, 4. Hans f. 1737, g. m. Marie Paulsdtr., 5. Ragnhild, g. m. Lars Hage, 6. Gunhild.

Halvor Olsen hadde Trongrud til i 1776, da han skjøta garden til eldste sonen Erland Halvorsen, f. 1713. Erland var da gift med Kjersti Torgersdtr., og dei fekk og 6 born. Det var: 1. Mari, g. 1749 m. Ole Larsen Hinkleiv, 2. Sessel, født 1752, død 1780. 3. Ole f. 1756, 4. Halvor f. 1758, 5. Tord f. 1761, død 1803, 6. Jacob f. 1765, g. 1787 m. Marit Povelsdtr.

Husfrua Kjersti Torgersdtr. døde i 1779, og det var da skifte på ”Trangerud eller Lillebolstad i Faaberg”. Ved dette skiftet vart jordegodset garden Trongrud taksert for 260 rd., og arvebuet omrekna i pengar utgjorde brutto 382 rd. og netto 273 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enkemann Erland Halvorsen dei 6 borna i ekteskapet, som framleis alle var i live. Same året, altså i 1779, skjøta og faren Erland Halvorsen garden ”Trongrud eller Lillebolstad av skyld 3 skind for sum 299 rd. 72 s.” til sonen Halvor Erlandsen.

Halvor Erlandsen f. 1758 gifta seg i 1788 med Mari Kristensdtr. f. 1766, og dei fekk 7 born. Det var: 1. Kari (Kjersti) f. 1790, g. 1828 m. Lars Kristensen Seter f. 1801, 2. Erland f. 1792, 3. Sønnøv f. 1795, g. 1829 m. Ole Pedersen Haagenstad, 4. Sessel f. 1797, død 1801. 5. Kristense f. 1800, g. 1829 m. Iver Olsen søre Rustaden, 6. Sessel f. 1803, død 14/8 1811, 7. Peder f. 1805, død 31/8 1811.

I Halvor Erlandsen si brukartid kom i 1801 påbodet om folketelling, og det budde da 2 familiar på Trongrud. Det var: 1. familie: 1. Halvor Erlandsen, husbonden, 40 år, 2. Mari Kristensdtr., kona hans, 33 år, 3. Kjersti Halvorsdtr., dotter deres, 10 år, 4. Erland Halvorsen, son deres, 8 år, 5. Sønnøv, dotter deres, 6 år, 6. Sessel, dotter deres, 4 år, 7. Kristense, dotter deres, 1 år, 8. Kristen Kristensen, tenestkar, 20 år, Inga Kristensdtr., tenestkvinne, 30 år, 10. Erland Halvorsen, far til husbonden, føderådsmann, 88 år, 11. Sønnøv Olsdtr., mor til kona, føderådskvinne, 76 år. 2. familie: 1. Ole Paulsen, husmann med jord, 51 år, 2. Anne Kristensdtr., kona hans, 50 år, 3. Dorthe Olsdtr., dotter deres, 11 år, 4. Inga Olsdtr., dotter deres, 7 år.

Halvor Erlandsen f. 1758 hadde garden til i 1811, da han gav skjøte til eldste sonen Erland Halvorsen for kjøpesum 600 rd. og føderåd til faren frå 1821.

Litt meir om storleiken på gardane går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om garden Trongrud fortalt at buskapen av store husdyr i den tid var 1-2 hestar og 6-7 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde kring 36 tønner. Det er elles opplyst at Trongrud framleis hadde 1 husmannsplass.

Den nye brukaren Erland Halvorsen f. 1792 hadde elles ikkje ættegarden Trongrud lenger enn til i 1824. Da selde han garden til Ole Andersen, men unntok da ved handelen plassen Trongrudenga. – Ole Andersen hadde så Trongrud til i 1830, da han kjøpte garden vidare til Peder Olsen. Ved skiftet etter Peder Olsen overtok så enka etter han, Mari Amundsdr., som da var gift med Jens Jensen, grd. Trongrud. – Ved matrikuleringa i 1838 er skrivemåten av namnet ”Trangerud”; og garden fekk da som ny matrikkelskyld: 3 skylddaler 10 skilling, og det var framleis Jens Jensen som var oppsittar på Trangerud. Samtidig vart det og skyldsett eit løpenr. 232 b Trangerud av skyld 3 ort 2 skilling, som Lars Kristensen da hadde.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om garden Trangerud fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer da utgjorde 114 mål, og av dette var 47 mål jord av 1. Klasse. Samtidig er det og opplyst at husdyrhaldet på Trangerud i den tid var 3 hestar, 9 storfe og 6 småfe, og at den årlege utsæden var kring 4 ½ tønne korn og 7 ½ tønne settepoteter. Året etter skjøta i 1866 Jens Jensen garden Trangerud og Trangerudenga til sonen Jens Peter Jensen. –

I 1881 var det ei skyldsettingsforretning på Trangerud, der eit jordstykke og eit skogstykke vart fråskilt garden og tillagt Trangerudenga til eit bruk av skyld 3 dalar 4 ort.

Fem år seinare kom i 1886 den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. – Trangerud i Faaberg fekk da nytt gardsnr. 89 av samla skyld 6,34 mark, og det var da berre 1 bruksnr. under gardsnr. 89. Det var: Grn. 89 Trangerud m/Engen av skyld 6,34 mark, som også da Jens Peter Jensen var eigar av brukar av.

Etter ajourført matrikkel i 1904 var det da skjedd dei skifte at eit brn. 2 Trangerud m/Engen av skyld 0,33 mark var overtatt av Statsbanene. Ved kommunevalet i 1907 budde det 4 personar med røysterrett på Trangerud. Dei var: 1. Gardbr. Jens J. Trangerud, 70 år, 2. Helene J. Trangerud, kona hans, 63 år, 3. Marta J. Trangerud, lærarinne, 34 år, 4. Jonas J. Trangerud, gardbr.son, 37 år.

Av handlar med Trangerud i seinare tid tek vi elles med at i 1924 kjøpte Olaf Myhren og hustru f. Stebergeløkken grn. 89 Trangerud i Fåberg.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det atter berre eitt bruk under grn. 89 med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: Grn. 89 brn. 1 Trangerud med eit jordbruksareal på ca. 150 mål, som Ole O. Myhren, son av Olaf Myhren. Da var eigar og brukar av.